



Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2653 - 16/20852

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

21.12.2016

Forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2017-2018

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gir rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2017-2018 bygger i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune. Den vedtekne skuleruta for Bergen kommune er drøfta i styret for Nordhordland kompetanseregion. Styret er semje om ei målsetting om å ha ei tilnærma felles skule- og barnehagerute i regionen.

Planleggingsdagar i skule

Alle grønne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (10. november og 2. februar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

Høyringsinnspel

Innan høyringsfristen 07.12.2016 kom det eitt innspel. Inspelet kom frå styrarane i kommunal og privat barnehage. Barnehagane ønskjer å flytte planleggingsdagen 22.09.2017 til 02.01.2018. Innspel er tatt til følgje.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Ferie og fridagar for skular, barnehagar og SFO 2017-2018 (vedtatt 21.12.2016)

Ferie og fridagar for skular, barnehagar og SFO 2017-2018 (vedtatt 21.12.2016)

Mottakere:

Barnehagane og grunnskulane i
Meland